

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Fylkeskommunen sin lokasjon på Leikanger har hatt ein auke i 84 tilsette etter 1.1.20. Av desse er 71 nytilsette i avdeling for infrastruktur og veg, der 52 vart overført frå Statens vegvesen og 19 rekruttert eksternt. I tillegg er det 13 nye tilsette på Leikanger, med 8 i avdeling for organisasjon og økonomi (ein er overført frå Statens vegvesen), 4 i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, og 1 i avdeling for innovasjon og næring. Nokre av desse stillingane er overført frå Bergen, medan resten er nyopprettet stillingar. Nettoauke i Leikanger er på 31 stillingar.

Vår lokasjon i Førde har fått ein auke på 2 tilsette siden 1.1.20, med 2 nye stillingar innanfor avdeling for kultur, idrett og inkludering.

I administrasjonssenteret i Bergen er det 143 tilsette på avdeling for infrastruktur og veg. Langt dei fleste av desse er overført og nytilsette frå Statens vegvesen frå 1.1.2020, medan omlag 32 tilsette vart rekrutterte eksternt. Som følgje av nye oppgåver og fylkessamanslåing er det også oppretta to nye stillingar i Bergen på egedomsseksjonen i avdeling for organisasjon og økonomi, samt tre nye stillingar på avdeling for kultur, idrett og inkludering. Utover dette er det ikkje oppretta nye stillingar eller auke i tilsette på andre avdelingar i fylkesadministrasjonen på Sandsli i Bergen.

For å videreføre tidlegare aktivitet og arbeidsplassar på dei tre lokasjonane i fylkesadministrasjonen var arbeidsdeling eit sentralt prinsipp i intensjonsavtalen. Alle tilsette kunne halde fram å arbeide der dei tidlegare var lokalisiert, uavhengig av lokalisering av avdelingsleiing og seksjonsleiing. Dette prinsippet vart også lagt til grunn ved overføring av medarbeidarar frå Statens vegvesen.

Samstundes arbeider fylkesrådmannen med effektivisering i fylkesadministrasjonen og naturleg avgang, med sikte på å kunne redusere talet på tilsette over tid. Dette arbeidet har så langt ikkje bidrege til utslag i fordelinga av stillingar mellom lokasjonane.

Fylkesrådmannen vil hevde at det tidlegare nivået på fylkeskommunal verksemd i dei tre lokasjonane i stor grad er vidareført, og at det ikkje er grunnlag for påstanden om nedgang i talet på fylkeskommunale arbeidsplassar på Leikanger.